

VOSS HERAD
Postboks 145
5701 VOSS

Dato	02.12.2024
Vår referanse	2024/170-91
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Rune Åland
E-post	Rune.Aland@vlfk.no
Telefon	488 94 012

Att.Nils Helge Kvamme

Sluttutbetaling spelemidler 2024 anleggsnr 82235 - Bulken skule, ballbinge - Voss herad

Vi har motteke dykkar oppmoding om utbetaling av løyvde spelemidler 2024 til Bulken skule, ballbinge.

Vedlagt følgde ferdigattest og sluttrekneskap, stadfesta av kommunerevisjonen.

Voss herad fekk tildelt 481 000 kroner til Bulken skule, ballbinge. Revidert sluttrekneskap var på 962 212 kroner. Spelemidler vert betalt ut med inntil 50% av prosjektet sin totalkostnad for nærmiljøanlegg, med ei øvre grense på 600 000 kroner (inkludert lysanlegg).

Etter dette kan vi melde om at 481 000 kroner av løyvde spelemidler 2024 vert overført til Voss herad over bankkonto 3201.46.70954. Overføringa vert merka; Ballbinge Bulken skule – anleggsnr 82235.

Klagerett:

Forvaltningslova gjev søkjarar om tilskot frå spelemidlane rett til å klage over det vedtaket som er gjort, sjå Forvaltningslova § 27 tredje ledd og § 28 andre ledd, samt kapittel 7 i føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732. Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet er motteke. Dersom fylkeskommunen ikkje endrar vedtaket som følgje av klaga, skal saka sendast Kultur- og likestillingsdepartementet for endeleg avgjerd.

Med helsing

Britt Karen Spjeld
seksjonsleiar
KFO - fysisk aktivitet og inkludering

Rune Åland
seniorrådgjevar
KFO - idrett og friluftsliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift